

INFORMASJON TIL JEGERANE I

BRATTEFJELL-VINDEGGEN VILLREINVALD 2015

Denne avtala gjeld bruk av jaktlag under villreinjakta i BV hausten 2015 og er inngått for det spesifiserte jaktlag og grunneigar.

Namn på jegerar i jaktlaget **Kontrollnr. På disponible fellingsløyver**

Avtala gjeld fylgjande jaktområde:

Grunneigar

Jaktleiar.

Alle jegerar på jaktlaget må bringe med seg kopi av denne avtala ved jakt og vise ho fram ved kontroll. (Det er naudsynt med kommunikasjon mellom jegerane dersom avtala skal fungere).

Viktig.

Alle kort skal vera levert tilbake innan 5 dagar etter jaktslutt.

Dette er ein informasjonsfolder om villreinjakta i Brattefjell-Vindeggen villreinområde (etter dette kalla BV) for 2015

Folderen inneheld ein generell del som gjeld for heile BV, og ein spesiell del som gjeld for kvart villreinlag (jaktfelt) i dei fire kommunane Hjartdal, Seljord, Tinn og Vinje

Ein del av informasjonen er sjølvstøtt kjent for mange, men vi reknar med at det og kjem nye jegerar til. I tillegg kan viktige ting ikkje takast opp att for ofte.

GENERELT.

Fellingskvote: 175 dyr, fordela på 30 % valgfrie, 35 % simle/ungdyr og 35 % kalv. Ordinær jakttid for villrein er frå 20. august til 30 september.

Kontrollkort.

Det vert skrive ut eit kontrollkort for kvart dyr som kan fellast. Før jakta tek til skal kortutskrivar fylle ut og underskrive kortet. Er det fleire jegerar på same kortet er hovudregelen at alle jegerane skal skrive navnet sitt på kortet. Eller så kan den som har hovudansvaret for kortet, (jaktleiar), skrive under som jeger og i tillegg skrive m/fleire. Eks. :NN m/fleire. Då skal i tillegg jegerane sine navn vera ført opp på ei liste, der det gjeng fram at det er eit etablert jaktlag. Alle i jaktlaget skal ha kopi av lista. Jaktlaget må opptre samla slik at dei har kommunikasjon seg i mellom. Jaktlaget er ansvarleg for at det ikkje vert felt fleir dyr enn dei har løyve til. På sisete side i denne folderen lfinst formular til jaktlagsavtale som kan nyttas.

NB! KORTET SKAL VERA UTFYLT OG UNDERTEIKNA AV GRUNNEIGAR OG AV JEGER NÅR JAKTA STARTAR OPP.Brot på dette vil bli rapportert av oppsynet.

Under jakta skal jegeren ha med seg kontrollkortet, bevis for skyteprøva, betalt jegeravgift og våpenkort. Har du lånt gevær skal du ha skriftlig låneavtale med eigaren.

Etter at eit dyr er felt skal kontrollkortet delast, og det skal skjerast hakk i kortet for dei naudsynte data. Er dyret felt i utvida jakttid skal fellingsdado skrivast på baksida av kortet. For statistikk ser ein gjerne at fellingsstad vert skrive på kortet.

Kortet festas til dyret som er felt. Felt dyr skal vera merka før transport eller før jegeren forlater dyret over natta. Det er kjøttlappen som fylgjer kjøttet. Dersom kjøttet vert transportert etappevis, skal hovuddelen fylgje jegeren.

NB! Alle kontrollkort skal leverast attende til kortutskrivar seinest 5 dagar etter jaktslutt. Husk å notere fellingstad. Det oppfordras til å vege dyra og notere dette på kortet.

- **Jakt på andre felt.**

Det er inngått samarbeid over kommunegrensene mellom villreinlaga i Hjartdal og Tinn (NB. Vinje har i år freding av heile sitt jaktfelt). **Samarbeidet går ut på at grensene er opne på mandager, tysdagar, onsdagar og torsdagar etter fyrste veke av jakta.** Fellingstillatelsen er ellers bare gyldig i det godkjente jaktfelt den er skriven ut for.

- **Våpen og ammunisjon.**

Skyt alltid våpnet inn med samme ammunisjon som du brukar på jakt. Bruk bare godkjent ammunisjon til jakt. Hugs alle tryggleiksreglar for handsaming, transport og oppevaring av våpen og ammunisjon. Legg aldri frå deg eit våpen med ammunisjon i. Hugs bevis for skyteprøve, jegeravgift og avtale dersom du låner våpen.

- **Ettersøk skadd vilt.**

Den som under jakt sårar elg, hjort, villrein eller rådyr pliktar å gjera det ein kan for å få avliva dyret snarast mogleg. Eit kvart skot som vert løyst mot hjortevilt, skal sjåast på som treff og jeger skal føreta undersøking i området dersom dyret ikkje fell for skotet.

Det er ein kvar jeger si plikt å sørje for ei rask og effektiv avliving for at dyret skal unngå unødige lidning.

*Jeger og jaktlag har **ETTERSØKSPLIKT OG ETTERSØKSANSVAR**.*

- **Avliving av skada vilt / transport.**

Avliva skada rein der ein nyttar eige kontrollkort skal handsamast som vanleg felling. Vilkår for å ta dyret på eigen kvote er at ein har fellingsløyve for denne type dyr (rett kjønn og alder), og at fellingsløyvet er gyldig på det valdet der det skada dyret er avliva. Avliva rein som ein ikkje vil / kan ta på eigen kvote skal gjerast opp slik at kjøtet ikkje tek skade. Ein skal deretter gje melding til viltfondet (kommunen) eller politi/oppsyn. Her kan ein og gje melding til Oppsynssentralen på Skinnarbu som formidlar kontakt vidare. Telefon nr. 81532450.

Transport av avliva vilt som ikkje vert teken på kvota kan berre føregå **ETTER** at det er gjeve melding / gjort avtale med oppsynet og / eller viltforvaltninga i kommunen.

- **Motorferdsel.**

Respekter lov om motorferdsel i utmark og spesielle reglar for området du jaktar i.

- **Oppsyn.**

Kontrollen av villreinjakta vert utført av SNO og lokalt politi. Oppsynet fører kontroll med alt offentligrettsleg regelverk innan villreinområdet. Grunneigar kan sjølv føre tilsyn med privatrettslege tilhøve på sin eigedom. Oppsynet vil og svare på spørsmål og rettleie jegerane. SNO (oppsynssentralen på Skinnarbu) har telefon 815 32 450.

1 § 37. Plikt til å la seg kontrollere (Forskrift om utøvelse av jakt og fangst av 22. mars 2002)

«Enhver som utøver jakt eller fangst etter denne forskrift, plikter å la seg kontrollere av politiet, Statens naturoppsyn eller av lokalt jaktoppsyn som er godkjent av det statlige naturoppsynet eller har begrenset politimyndighet. Kommunen og villreinnemda kan sørje for kontroll av felte dyr. Ved jakt etter villrein kan villreinnemda også sørje for kontroll med kontrollkort for villrein og eventuell skriftlig fellesjaktavtale.»

- **Jaktmoral.**

Ikkje skyt på dyr i fart. Ver sikker på at skyteavstanden ikkje er over 100 til 150 m. Det er ofte desse to faktorane som fører til skadeskyting. Ver sikker på at du skyt på rett dyr.

Dersom dyra er urolege og står tett saman skal du vurdere situasjonen svært nøye før du skyt. Ikkje la jaktlyst og ”matauk” styre avtrekket. Tenk heller på å utøve ei sikker og human jakt.

HUGS! LØYST SKOT MOT VILT ER TREFF INNTIL DET MOTSETTE ER BEVIST.

SPEIELT FOR KVART JAKTFELT:

Seljord villreinlag.

Jaktfelta i Seljord er ikkje med i samarbeidet om opne grenser. Første 3 dagar av jakta skal det jaktas på eige område. Dette gjeld ikkje i BV2. Les informasjonen på fellingskortet nøye, og ver nøye med utfyllinga. Kontrollkortet skal leverast attende til leiaren av villreinlaget innan 5 dagar etter jaktstutt. Dette gjeld og ubruka kort. Leiar av laget er Olav Sverre Bakkemoen. Telefon: 41696625.

Vinje/Rauland villreinlag.

Vinje har frå og med hausten 2015 gått inn for **fredning** av sitt område. Av den grunn kan det **ikkje** jaktas på Vinje kommune sitt jaktfelt. Leiar for laget er Egil Fundli 91172437

Tinn utmarkslag.

Tinn utmarkslag(villreinlag) er med på samarbeidet om opne grenser på lik linje med jaktfelta i Hjartdal. Leiar av laget er Svein Moen. Telefon: 95208500.

Hjartdal villreinlag.

Hjartdal villreinlag er med på samarbeidet om opne grenser på lik linje med jaktfelta i Tinn. Leiar i laget er Jon Ingar tråer. Telefon: 95746300

Formidling av jaktkort.

Det er ønskeleg at unytta villreinkort vart varsla til utvalet slik at dei kan bli formidla vidare til eventuelle jegerar som ynskjer kort. Innmelding om salg av kort kan gjerast til telefon: 35052175 eller 95142331. Du vil finne meir informasjon om B / V på nettet: [Brattefjell - Vindeggen.no](#). Der kan denne foldaren også lastast ned.

Til stutt ber vi alle som jaktar i BV lesa nøye gjennom informasjonen og fyller ut kontrollkorta fullstendig. Leiar i Brattefjell – Vindeggen villrein- og utmarksutval: Tor Lien telef.: 35 05 21 75

Kart over Brattefjell – Vindeggen.

I 2008 vart det gjeve ut nytt jakt- og turkart over Brattefjell – Vindeggenområdet. Målestokk: 1 : 50000. Det er utlagt for sal fleire stader. Bl.a Bygdesentralen i Hjartdal, Sport 1 Tuven, Jakt og Fjellsport Notodden, og Bøen kafe i Tuddal. Prisen er kr. 100,- /eksemplar. Kartet kan og bestilles på e-post (sjå adressa under) eller på telefon nr. 95142331

GOD JAKT.

E-post: brattefjell.vindeggen@gmail.com